



Sak 7/2018 Forslag til stegvis opptak av kommunar. Tal på prosjektkommunar. Drøftingsak.

Bakgrunn:

Etter regelverket for 2018 skal det utviklast ei plan for fordeling av midlar til kommunar og tiltak. Det er eit mål å få oversikt over kor mange kommunar og tiltak som skal inn i programmet i Hordaland (gjennom tilskotsordninga) i løpet av tilskotsperioden.

Prosjekta skal også leggest til rette for evaluering i samarbeid med kunnskaps- og forskingsmiljø.

« tiltak gjennomført i kommunane skal så langt det lar seg gjøre effektevalueres i samarbeid med et forskings- eller kompetansemiljø. Ved gjennomføring av tiltak hvor dette ikke lar seg gjøre må det sikres at kommunen gjennomfører annen forskingsmessig evaluering eller kvalitativt gode egenevalueringer».

Vurdering:

Hordaland fylkeskommune ønskjer å legge til rette for, slik regelverket opnar for, stegvisevise årlege opptak av kommunane inn i program for folkehelsearbeid i åra 2018, 2019 og 2020, (alt. 2-årig prosjekt med opptak i 2021 om det er prosjektmidlar). Grunngevinga for dette er både å sikre at kommunar som treng tid på prosjektutvikling og som ikkje er klare for opptak i 2018, kan søkje seg inn seinare. Kommunane kan få meir tid til å etablere samarbeid på tvers av kommunegrensar.

Løysinga vil også bidra til at dialog med kunnskap- og forskingsmiljø kan starte før kommunen er teken inn i programmet i Hordaland. Viktig også er at ei slik løysing vil fordele ressursbruk til kunnskap- og kompetansemiljøa gjennom prosjektfasen.

Prosjektlengthe:

Som hovudregel vert tilskotsperioden for prosjekta 3 år, for enkelte større prosjekt kan tilskotsperiode vere 4 år. Det kan vere rom for nokre prosjekt på inntil 2 år. Ved opptak kan det ikkje gje støtte til prosjekt som går utover dette.

Dialog med kommunane:

Stegvise opptak og rammer for prosjektlengthe er drøfta med kommunane i møte den 15.01.18. Det er planlagt møte med kommunane den 08.02.2018. Rundt 25 kommunar har delteke på ulike samlingar om prosjektet med Hordaland fylkeskommune. Kommunane er spurt uførepliktande om dei ønskjer å søkje seg inn i ordninga.

Vurdering knytt til økonomiske rammer - tal prosjektkommunar:

Hordaland er eit stort fylke med 33 kommunar, 25 etter kommunereforma. Folketalet i kommunane varierer mellom nokre hundre til rundt 278 000 innbyggjarar.

Dei kommunale prosjekta bør få gode økonomiske rammer for prosjektutvikling, vi tenkjer derfor at det ikkje er rom for å inkludere 33 kommunar. Den tildelte nasjonale ramma ligg fast etter opptak i programmet, og vil vere styrande for endeleg val av prosjektkommunar/tiltak. Tildelt sum veit vi ikkje på noverande tidspunkt.

Det er viktig at det vert tildelt så pass stor prosjektramme for kommunane at det gir økonomisk spelerom for god prosjektutvikling og til å dekke kostnader. Samstundes vert kommunane oppfordra til å etablere samarbeid knytt til prosjektutviklinga. FOU-miljøa skal bistå med å legge til rette prosjekta for evaluering. Krava til evaluering kan også tolkast som større prosjekt.

Hordaland fylkeskommune ønskjer å legge følgande anbefalingar til grunn for prosjektutviklinga i fylket.

- Hordaland etablerer få og større prosjekt.
- At kommunane samarbeider over kommunegrenser etter tema
- At kommunane som skal inn i kommunesamanslåing samarbeider

To mulege modellar for berekning av tal kommunar/prosjekt:

- a) Inkludere inntil 25 prosjekt (nytt kommunetal i Hordaland)
 - 46 mill. kroner. Gjennomsnittleg prosjektlengde 3 år. Sum per kommune pr år ca. kr 600 000.
- b) Bygge opp 15 større prosjekt
 - 46 mill. kroner. Gjennomsnittleg prosjektlengde 3 år. Sum per kommune pr år ca. kr 1 mill. kroner.

Merk: Ved mange prosjekt må det trekkast ut større sum til FOU-støtte til kunnskaps- og forskingsmiljø enn budsjettet.

Drøfting:

Vi ber samarbeidsorganet om råd knytt til stegvis opptak, prosjektlengde og ei vurdering knytt til tal på prosjekt (jf. Førebels budsjett).